



Arne Havnerås møter ein trufast støttespelar i Uskedalen - Sigurd Myklebust - medan ordførarkandidaten står til venstre.

I dag har det vore ein skikkeleg valkamp-innsjurt og i senteret på Husnes har det vrimla av politikarar som har tevla om å kapra dei siste røystene. Der har også dei fremste listekandidatane frå vår bygd gjort ein innsats.

Men her i Uskedalen har Høgre fått råde grunnen åleine etter å ha rykka inn med ein kjent og sterk Rosendal-trio og ordførarkandidaten. Kvartetten smilte i kapp med solgløtta og ga uttrykk for stor optimisme. Leif Sverre Enes, Arne Havnerås, Knut Johannes Helvik og Einar Holsvik trur på ein ny blå suksess.



[Gunn Mari Moberg saman med ordførarkandidaten på Husnes](#)

- Uskedalen er viktig for oss, sa veteranen Havnerås, som har 4 periodar bak seg i kommunestyret og 2 i fylkestinget. Ved dette valet toppar han for første gong ikkje lista fordi han har prioritert si disponible tid annleis.



[Magne Huglen og Jostein Grov på plass i Ap-standen](#)

- Uskedalen har stått sterkt som Høgre-bygd heilt sidan Jens Arnesen si tid. Han er kanskje den beste ordførar vi har hatt. Eg nøler til dømes ikkje med å kalla ahn Folkefonntunellens far, saman med rådmann Peder Totland, sa Havnerås



Elin Legland frå Senterpartiet var smilande på plass

Å gjera det bra her i Uskedalen i valet har mykje å seie for heile kommunen, understreka Havnerås og presenterte ein smigrande løpesetel med forsikringar om at 'Vi er glade i Uskedalen' og at vi 'saman skal gjere Uskedalen betre'



Kjell Yri tok Høgre-satsinga på hans heimebane med ro

Brosjyren kom stort sett med dei same lovnadane som andre parti:

Betre marknadsføring av Børnes, gongveg frå sentrom til Steinsletta, oppussing av skuen og auka støtte til friviljug arbeid.



Eskil Moen hadde blå ballongar

Atskillige SPAR-kundar tok imot budskapet med velvilje, særleg då dei som er støttespelarar for partiet og trur på suksess denne gongen. Og så for ordførarkandidaten vidare til Husnes der uskedeling og partileiar Gunn Mari Moberg var å finna på Høgre-standen.

På Venstre-standen fann vi den einaste ordførarkandidaten frå vår bygd, Venstres Kjell Yri, som ikkje verka det minste vonbroten over Høgre-offensiven på hans heimebane. - Eg var der i går, erklærte han.

Framstegspartiets Eskil Moen bles blå ballongar medan Ap-karane Jostein Grov og Magne Huglen inngikk i ein mannsterk tropp frå partiet sitt. Elin Legland frå Senterpartiet var også smilande til stades og dermed har vi vore innom uskedelingane som selde politikk på Husnes.

Og så må vi som dei berre venta på resultatet. Truleg har vi ovanfor rekna opp dei som kjem inn frå Uskedalen,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen